

02.12.2009

Uskedalsposten blir trykt i bygda



Uskedalspostens julenummer blir no trykt i bygda. Tor Vidar Sæle er nøgd med resultatet og det blir truleg også leserane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For første gong har det ikkje vore naudsynt å gå utanom bygda for å få trykt Uskedalsposten. Julenummeret er no under trykking i AFA og oppdragsgjeveren er særskilt godt nøgd med resultatet. Trykk-kvaliteten kunne knapt ha vore betre. Dette er eit nytt døme på at servicetilbodet i Uskedalen gjer viktige framsteg.

Tidlegare har Uskedalsposten vorte trykt både i Dimmelsvik og Rosendal, men slik blir det ikkje lenger. Dagleg leiar Tor Vidar Sæle tok oppdraget med glede fordi AFA sist vår kjøpte ein stor kopimaskin som utan problem kan gjennomføra ein slik operasjon. Maskinen kosta 120.000 kroner og er svært avansert. I tillegg til at han blir nytta i det daglege arbeid på AFA kan maskinen også nyttast til oppdrag utanfrå.

- Vi tek ikkje på oss redigering, men hvis folk kjem med filane sine kan vi ta på oss trykkinga. Vi kan trykka det meste, seier Sæle og presenterer dei første 150 eksemplar av Uskedalsposten. Det tek ein times tid å køyra gjennom 40 eksemplar av den 40 sidar tjukke 'avisa'.

Eit relativt stort anna oppdrag som AFA har gjennomført på den nye maskinen er trykkinga av verksemgsplanen til skule og barnehage i 300 eksemplar. AFA har også innleggsmaskin og utstyr som gjer det mogeleg å lage spiralhefter,

Av Ola Matti Mathisen